



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	1/18
Møtedato:	15.2.2018
Tid:	Kl. 09.30 – kl. 15.45
Møtestad:	Møterom kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr:	01/18 – 07/18
Møteleiar:	Oddvar Hoksnes (Krf)
Møtande medlemmer:	Ole Rakvåg, nestleiar (H) Oddbjørg Sporsheim (V) Håkon Inge Sporsheim (Frp) Wilhelm Andersen (Ap)
Forfall:	Ingen
Møtande vara:	Ingen
Ikkje møtt:	Ingen
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Ronny Rishaug, oppdragsansvarleg revisor June Beøy Fostervold, rekneskapsrevisor
Av øvrige møtte:	Ingrid Husøy Rimstad, rådmann Ranveig H. Sporsheim, personalsjef (under OS 01/18) Siri Halvorsen, einingsleiar institusjonstenester (under OS 01/18) Bente Oksavik, avdelingsleiar Aukraheimen (under OS 01/18) Andreas Løwe, verneombod (under OS 01/18) Elin Engdal, plasstillitsvalt/hovudtillitsvalt (under OS 01/18)

Protokollen vert formelt godkjent i neste møte

Utvalseiar Oddvar Hoksnes ønska velkommen og leia møtet.

Det vart framsett følgjande forslag om endring i rekkefølge på behandling saker: Sak 03/18 vert behandla etter sak 04/18.

Det framkom ingen merknader til innkallinga.

Innkalling og sakliste vart godkjent med denne endringa.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20.NOVEMBER 2017
PS 02/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/18	INTERIMRAPPORT REKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2017
PS 04/18	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2017
PS 05/18	MØTEPLAN FOR 2018

PS 06/18 OPPFØLGINGSLISTE

PS 07/18 EVENTUELT

PS 01/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20. NOVEMBER 2017
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 20. november 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Oddvar Hoksnes
2. Oddbjørg Sporsheim

Kontrollutvalet si handsaming

Oddvar Hoksnes og Oddbjørg Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 20. november 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

PS 02/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

RS 01/18 **Forslag til budsjett for 2018 for kontroll og tilsyn** - saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 14.11.2017, K-sak 97/17.

RS 02/18 **Rapportering finansforvaltning pr.31.8.2017** – saksframlegg og rapport frå Aukra kommunestyre 12.12.2017, K-sak 105/17.

RS 03/18 **Protokoll frå møte i styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal** 13.12.2017.

RS 04/18 **Gjennomførte tilsyn sommaren 2017**, brev datert 5.10.2017 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal til kommunane om gjennomførte tilsyn med tenestene til enkelte personar som har psykisk utviklingshemming.
Fylkesmannen uttrykte i brevet uro over at det var avdekt lovbrøt i alle dei gjennomførte tilsyna (12 kommunar). Fylkesmannen ber om at leiinga i dei kommunane som nyttar tvang

overfor personar som har psykisk utviklingshemming gjennomgår korleis desse tenestene blir styrt.

RS 05/18 **e-INFO 18/1 – Redegjørelse for likestilling mv. i årsberetningen**, informasjon fra Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) datert 8.1.2018.

RS 06/18 **Etiske retningslinjer for Aukra kommune 2018-2022**, saksframlegg og retningslinjer til administrasjonsutvalet, formannskapet og kommunestyret. Behandla i administrasjonsutvalet 29.1.2018, sak 5/18.
Rådmann Ingrid Husøy Rimstad opplyser om at det i administrasjonsutvalet si handsaming av retningslinjene, kom så mange innspel til endringar at det vil bli utarbeidd eit nytt framlegg til retningslinjer. Utvalet ventar difor på eit nytt utkast.

RS 07/18 **Aukra kommune – Rekneskap for 2017**, e-post frå rådmannen 8.2.2018.

Orienteringssaker:

OS 01/18 **Orientering om arbeidsmiljøkartlegging ved Aukraheimen**, sak frå oppfølgingslista – kontrollutvalet hadde bedt rådmannen om orientering i dagens møte.
Einingsleiar Siri Halvorsen informerte utvalet om arbeidsmiljøprosjektet, kva som kom ut av arbeidsmiljøkartlegginga som bedriftshelsetenesta utførte og korleis denne vert følgt opp. Tilstades under orienteringa var også rådmann Ingrid H. Rimstad, personalsjef Ranveig H. Sporsheim, avdelingsleiar Bente Oksavik, verneombod Andreas Løwe og tillitsvalt ved Aukraheimen/hovudtillitsvalt Elin Engdal.
Utvalsmedlemmene fekk utdelt ei kort oppsummering av arbeidsmiljøprosjektet.

Målsetjingar for arbeidsmiljøprosjektet er:

1. Styrke forholdet mellom leiarar og medarbeidarar
2. Auke engasjement og jobbglede
3. Legge til rette for ein god start i nye Aukraheimen.

Alle dei som var tilstades, frå administrasjonen og dei tilsette ved Aukraheimen, supplerte orienteringa til Halvorsen og svarte på spørsmål frå utvalet undervegs.

Halvorsen understreka at dette er ein prosess som har tatt lang tid og som vil ta lang tid vidare. Arbeidsmiljøprosjektet har det vore arbeidd med i eitt år. Det er mange tilsette som skal involverast og det kjem stadig nye tilsette til.

Det er utfordrande å drive eit slikt prosjekt der ein skal involvere alle tilsette oppe i ordinær drift, seier einingsleiar.

Sjukefråvær er ei stor utfordring. Einingsleiar har kartlagt at Aukraheimen er underbemanna med 1 person kvar einaste dag.

På spørsmål om korleis stemninga no er mellom leiing og tilsette, så svarar einingsleiar at ho opplever at det er ei betre stemning og fleire som engasjerer seg meir. Tillitsvalt Elin Engdal, uttrykker at det enda er ein del uro,

Når det gjeld langvaktene som det har vore ein del uro om, så er ordninga evaluert og evalueringa dannar grunnlag for foreslåtte turnusar. Det er her lagt til grunn at dei tilsette no kan velje bort 14 timars vakter om dei ønskjer det.

Kontrollutvalet synes det er positivt at det no er oppretta eit eige AMU ved Aukraheimen og at verneombod er kome på plass. Når ein har på plass slike formelle strukturar som AMU og verneombod, så har ein eit apparat til å handtere utfordringar før dei utviklar seg.

OS 02/18 **Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Informasjonssikkerhet i Aukra kommune»**, kontrollutvalet har bede rådmannen om status for attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering.
Utvalet hadde på førehand fått ei skriftleg tilbakemelding frå Aaslaug Søreide, som er sikkerheitsansvarleg i kommunen,.

Rådmannen Ingrid Husøy Rimstad opplyser at det i Aukra kommune vert arbeid mykje med oppfølging av arbeidet med informasjonssikkerheit. Rådmannen er medlem av styret i ROR-IKT og Aaslaug Søreide er leiar av arbeidsgruppa for informasjonssikkerheit i ROR-IKT.

Digitalisering er ein fast post i alle leiarmøta i kommunen.

Utvalet uttrykte at det var viktig at rådmannen følgjer opp at dei einingane som ikkje har gjennomført risikoanalyse og internkontroll gjennomfører dette.

Utvalet merkar seg at det er fokus på gjennomføring av ny personvernforordning (GDPR), som vil tre i kraft frå 25.05.18. Det er positivt at det er teke tak i dette viktige arbeidet.

Rådmannen svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane.

OS 03/18 **Status og oppdragsavtalen med Møre og Romsdal Revisjon IKS,**
Sekretær orienterte om status etter høringsrunden til rådmennene.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 03/18	INTERIMRAPPORT REKNESKAPSREVISJONS – REVISJONSÅRET 2017
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå interimrevisjonen til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Oppdragsansvarlig revisor, Ronny Rishaug, presenterte interimrapport frå rekneskapsrevisjonen 2017. Det vart presentert oversikt over kva som er utført av arbeid, revisjonstilnærming og funn knytt til oppfølgingspunkt frå revisjonen 2016 og risikopunkt i plan for 2017.

Rekneskapsrevisor, June B. Fostervold og oppdragsansvarlig revisor, Ronny Rishaug, svarte på spørsmål frå utvalsmedlemma undervegs i presentasjonen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 04/18	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2017
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet vedtar årsmeldinga for 2017. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2017 vert teke til vitande.

Kontrollutvalet si handsaming

Det framkom ingen merknader til årsmeldinga i møte.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 05/18	MØTEPLAN FOR 2018
-----------------	--------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande møteplan for 2018 vert godkjend:

Veke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
7	15.02.	1/18	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport ▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2017 ▪ Interimsrapport rekneskapsrevisjon 2017 ▪ Møteplan for 2018
11	15.03.	2/18	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Forvaltningsrevisjonsrapport
18	03.05.	3/18	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2017 for Aukra kommune
24	14.06.	4/18	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Økonomirapport 1. tertial 2018
40	02.10.	5/18	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2018 ▪ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt ▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2019 ▪ Økonomirapport for 2. tertial 2018
50	10.12.	6/18	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Verksemdbesøk ▪ Sluttrekneskap? ▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Kontrollutvalet si handsaming

Det framkom ingen merknader til møteplanen i møtet.

Møte 15.3.2018 er avhengig av at forvaltningsrevisjonsrapporten kan behandlast.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 06/18	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande saker vert ført opp på oppfølgingslista:

Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune

Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter. Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegerings-reglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomireglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.

15.02.18: Kontrollutvalet hadde til dagens møte, jf. sak 06/18, fått framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. Det er 3 saker knytt til Drift og arealutvalet som er naturleg ikkje er avslutta. Sak om skogrydding knytt til vedtak i kommunestyret i 2013 er ikkje sett i verk. Rådmannen vil følgje opp saka.

Når det gjeld oversikt over oppfølging av vedtak i tertialrapporteringa, så opplyser rådmannen at ho ikkje vil følgje oppmodinga om dette. Rådmannen vil sørgje for at det vert lagt fram sak om vedtak som ikkje er følgt opp i same møte som tertialrapportane.

Barnevernstenester

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval.

Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

15.02.18: Rådmannen ønskjer ikkje at møteinnkallingar og protokollar frå AMU sine møter vert publisert på kommunen si heimeside, men kontrollutvalet vil få tilsendt møteinnkallingar og protokollar.

Grunnskoleområdet

Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik).

Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.

Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune

Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.

15.02.18: Kontrollutvalet fekk orientering i dagens møte, jf. OS 01/18, knytt til arbeidsmiljøprosjektet ved Aukraheimen.

Informasjonssikkerheit

Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR), som vil tre i kraft frå 25.05.18

15.02.18: Kontrollutvalet fekk i dagens møte orientering knytt til oppfølging av attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering, jf. OS 02/18.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk i gjennom dei sakene som var lista opp i saksframlegget.

I dette møtet er det lagt opp til følgjande orienteringar frå administrasjonen knytt til oppfølgingslista:

- **Arbeidsmiljøutvalet (AMU)**

I tillegg til sekretæren sitt forslag til kva saker som vert ført på oppfølgingslista for 2018, så ønskjer utvalet å føre opp denne saka:

- **Informasjonssikkerheit**

Kontrollutvalet ønskjer å endre tittel på oppfølgingssak «Omstillingsprosessen knytt til det nye omsorgssenteret», til «Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune»

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Følgjande saker vert ført opp på oppfølgingslista:

PS 07/18	EVENTUELT
-----------------	------------------

Kontakt om innkrevjing av gebyr ved Aukra legekontor

Kontrollutvalet har blitt kontakta av ein innbyggjar som meiner at kommunen må sørgje for at Aukra legekontor sluttar med å legge til gebyr på bestilling av legetime på SMS og ved bruk av kortautomat. Det vert vist til at fastlegar ikkje har lov til å krevje inn slikt gebyr og at det er kommunen som har ansvaret for at legane overheld avtalar og reglar.

Kontrollutvalet si behandling

Kontrollutvalet hadde ei grundig drøfting om dette var ei sak som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp. Utgangspunktet var ei vurdering av om dette er ei sak som tyder på svikt i den kommunale sakshandsaminga, eller at kommunen ikkje følgjer lover og retningslinjer.

Utvalet vurderer at problemstilling som er kome fram, ligg i eit juridisk grenseland. Det ser heller ikkje ut til å vere ei sak der Aukra kommune si handtering skil seg frå andre kommunar.

Konklusjon

Kontrollutvalet ønskjer ikkje å følgje opp denne saka vidare.

Kontakt om manglande institusjonsplass

Kontrollutvalet har blitt kontakta av barnebarnet til ein innbyggjar i Aukra kommune. Vedkommande er ikkje næraste pårørende, men er bekymra for at bestemor ikkje har fått institusjonsplass.

Kontrollutvalet si behandling

Kontrollutvalet hadde ei grundig vurdering av om tilbakemeldinga gav signal om at kommunen ikkje har ei forvaltning av eldreomsorga som er i tråd med kommunen sine retningslinjer, vedtak, lover og reglar.

Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan, og vil difor ikkje gå inn å vurderer ei enkelt sak. Rådmannen opplyser at det er eit fagleg råd bestående institusjonstenesta, heimetenesta og lege, som vurderer søknader om institusjonsplass.

Konklusjon

Dersom nokon meiner dei urett har fått avslag på helsetenester, så må dei nytte seg av klageretten. Det er dei som er part i eit sak som har slik klageret.

Kommunen sine helse og omsorgstenester er eit område som kontrollutvalet har følgd, og vil følgje særskilt.

Referat frå NKRF sin kontrollutvalgskonferanse

Orienteringa vert utsett til neste møte.

Nedlegging av kommuneavisa

Utvalsmedlem Wilhelm Andersen viser til spørsmål til ordføraren i kommunestyret, knytt til nedlegging av kommuneavisa.

I protokollen så står det ikkje kva ordføraren svarte. Andersen meier det er viktig for innbyggjarane å vite svaret på spørsmålet. Var det eit politisk eller administrativt vedtak som låg bak oppretting av kommuneavisa? Stemmer det at avisa heller ikkje vil kome ut digitalt?

Kontrollutvalet si behandling

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad svarer på spørsmåla frå Andersen.

Rådmannen opplyser at svaret var at kommuneavisa vert nedlagt. Det er fleire årsakar til dette: Det er vedtatt ein kostnadsreduksjon på 8 % i alle einingar, medarbeidar som hadde ansvaret for avisa har slutta i kommunen, lite stoff å få tak i og stoffet som vart presentert var gammalt før det kom ut. Tidene har endra seg og kommunen ønskjer å informere på andre arenaer, som heimesida og folderar til husstandane om det er viktig informasjon. Einingane er oppmoda om å legge ut informasjon på heimesida til kommunen. Kommuneavisa vil heller ikkje kome ut i digital utgåve. Det var ikkje eit politisk vedtak som ligg bak oppretting av kommuneavisa, opplyser rådmannen

Konklusjon

Kontrollutvalet ønskjer ikkje å følgje opp saka vidare.

Protokoll frå administrasjonsutvalet

Utvalsmedlem Wilhelm Andersen opplyser at det i protokollen frå administrasjonsutvalet, sak om sjukefråvær, så står det berre «Tatt til vitande». Dette er lite informativt.

Kontrollutvalet si behandling

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad opplyser at for å få informasjon om sjukefråværet, så må ein gå inn i saksframlegget. Der ligg tala.

Konklusjon

Kontrollutvalet ønskjer ikkje å følgje opp saka vidare.

Manglande informasjon til drift og arealutvalet og kommunestyret

Utvalsmedlem Håkon Inge Sporsheim opplyser at han i førre kommunestyremøte stilte som vara. Ei av sakene var Privat reguleringsplan for Gossen feriesenter – eigengodkjenning. Han sakna då ei tydeleggjering av rekkefølgjebestemmelsane i saksframlegget. Sporsheim oppfatta i kommunestyret at også medlemmer som hadde vore med å handsama saka i drift og arealutvalet, heller ikkje hadde fått med seg desse.

Kontrollutvalet si behandling

Kontrollutvalet drøfta problemstillinga.

Konklusjon

Kontrollutvalet understrekar at det er viktig at rådmannen sørgjer for at alle saker som vert lagt fram til politisk behandling vert tilstrekkeleg opplyst og at informasjon som er viktig kjem tydeleg fram i saksframlegget.

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Oddbjørg Sporsheim
medlem

Håkon Inge Sporsheim
medlem

Wilhelm Andersen
medlem

Jane Anita Aspen
sekretær